



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 24.10.2012  
**Møtetid:** 13:15 – 14:25  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegard Hope	Eva Hellevang
Heidi Gjerde	Margot Hisdal

### Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Tone Ramsli og stabssjef Jan Erik Boge

Orienteringar/meldingar:	
	<p><u>Tillitsvaldordninga i barnehagane</u>            Utdanningsforbundet har søkt kommunen om å få oppretta ein eigen plasstillitsvald i Dråpeslottet barnehage. Kommuneadministrasjonen har gjort vedtak om ikkje å oppretta denne funksjonen. Jan Erik Boge og Toralf Enes orienterte kort om saka.</p> <p><u>Rektorstilling Samnanger barneskule</u>            Tone Ramsli orienterte om at rektor Kjersti M. Bruvik har sagt opp stillinga som rektor ved barneskulen. Stillinga vil bli lyst ut som vikariat frå årsskiftet og fram til sommaren 2013. Dette vil vera ei intern utlysing i kommunen.</p> <p>Før utlysing av fast stilling vil det verta gjort ei vurdering av leiarstrukturen for skulane i Samnanger. Mellom anna bør det vurderast om leiarstrukturen i skulane skal endrast til å vera tilsvarande som i barnehageeininga (ein einingsleiar for begge skulane).</p> <p><u>Organisering av reinhaldstenesta</u>            Tone Ramsli orienterte om at organiseringa av reinhaldstenesta i kommunen skal sjåast på. I dag er reinhaldarane tilsett i den eininga dei arbeider i. Alternativet er at reinhald vert organisert i ei eiga reinhaldsavdeling/reinhaldsseksjon under teknisk eining. Mange kommunar organiserer reinhaldstenesta i</p>

	<p>ei eiga avdeling/tilsvarande, med ein eigen reinhaldsleiar.</p> <p>Margot Hisdal bad i samband med dette at kommunen set i verk tiltak for å kunne tilby reinhaldarar fagutdanning.</p> <p><u>Kunngjering/markering når tilsette tek fagbrev</u> Marit Aase bad om at kommuneadministrasjonen legg fram sak til neste møte i adm.utvalet om kunngjering i Samningen (og eventuelt markering på arbeidsplassen) når tilsette i kommunen tek fagbrev.</p> <p><u>Endring av dato for neste møte i adm.utvalet</u> Neste møte i adm.utvalet er flytta frå tysdag 27.11 til onsdag 28.11.2012 kl. 13.00.</p>
--	--

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 08.11.2012

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/12	12/620	Faste saker	
009/12	12/618	Vidareføring av lokale lønstillegg ved skifte av stillingsinnehavar	
010/12	12/628	Lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar	

**SAKNR. 008/12**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**24.10.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Det vert vist til side 1 i møteprotokollen for oversikt over kva tema som vart tekne opp under *Orienteringar/meldingar*.

Samrøystes vedtak.

**ADM-008/12 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 009/12**

**VIDAREFØRING AV LOKALE LØNSTILLEGG VED SKIFTE AV STILLINGSINNEHAVAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**24.10.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Etter diskusjon i møtet la Marit A. Aase fram følgjande framlegg til vedtak:

*Nytilsette i ei stilling skal som hovudregel få same lokale lønstillegg som andre tilsette i stillingsgruppa har, dersom det er gitt eit generelt lokalt lønstillegg til denne stillingsgruppa.*

*Eventuelt lønstillegg som vert gitt til nytilsette skal så langt som mogleg takast vekk dersom det generelle lønstillegget for stillingsgruppa fell vekk. Det vil seia at lønstillegget må gjevast på same vilkår til nytilsette som til tilsette som allereie har tillegget.*

*Vikarar:*

- *Fast tilsette som går i vikariat (i same type stilling) i tillegg til eller i staden for i den faste stillingsprosenten sin, skal ha det same lønstillegget i vikariatet som dei har i den faste stillinga si.*

## 5 av 6

- *Andre vikarar skal normalt ikkje ha lønstillegget for stillingsgruppa. Det kan gjerast unnatak frå dette dersom det av rekrutteringsmessige eller andre omsyn er nødvendig for å få tilsett kvalifisert vikar.*
- *For godtgjersle til vikarar som kjem inn under reglane om stadfortredargodtgjersle, vert det vist til § 13 i Hovudtariffavtalen.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **ADM-009/12 VEDTAK:**

*Nytilsette i ei stilling skal som hovudregel få same lokale lønstillegg som andre tilsette i stillingsgruppa har, dersom det er gitt eit generelt lokalt lønstillegg til denne stillingsgruppa.*

*Eventuelt lønstillegg som vert gitt til nytilsette skal så langt som mogleg takast vekk dersom det generelle lønstillegget for stillingsgruppa fell vekk. Det vil seia at lønstillegget må gjevast på same vilkår for nytilsette som for tilsette som allereie har tillegget.*

*Vikarar:*

- *Fast tilsette som går i vikariat (i same type stilling) i tillegg til eller i staden for i den faste stillingsprosenten sin, skal ha det same lønstillegget i vikariatet som dei har i den faste stillinga si.*
- *Andre vikarar skal normalt ikkje ha lønstillegget for stillingsgruppa. Det kan gjerast unnatak frå dette dersom det av rekrutteringsmessige omsyn er nødvendig for å få tilsett kvalifisert vikar.*
- *For godtgjersle til vikarar som kjem inn under reglane om stadfortredargodtgjersle, vert det vist til § 13 i Hovudtariffavtalen.*

### **SAKNR. 010/12**

#### **LØNSTILLEGG TIL UORGANISERTE I LOKALE LØNSFORHANDLINGAR**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det skal til neste møte leggjast fram sak om lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar. Det må i saksutgreiinga mellom anna gå fram kva som er gjeldande rett på dette området, samt kva praksis nabokommunane har.

### **24.10.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Det var semje i utvalet om at det er behov for å bestemma kva praksis kommunen skal ha for lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **ADM-010/12 VEDTAK:**

Det skal til neste møte leggjast fram sak om lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar. Det må i saksutgreiinga mellom anna gå fram kva som er gjeldande rett på dette området, samt kva praksis nabokommunane har.

